

Årsmelding frå styret i Bergen Mållag 2018-19.

På årsmøtet i Bergen Mållag 7 mars 2018 vart desse valde til styret: Mona Stormark, leiar (1 år), Bjørg Eli Eide (2 år), Matti Wiik (ikkje på val), Astrid Olsen (ikkje på val). Vara Nils Mæhle (1 vara), Anne Buset Vassbotn (2 vara) og Helge Sandøy (3vara).

Årsmøtet valde også Livar Aksnes til revisor og ny valnemnd med Anne Buset Vassbotn og Ingvil Brygger Budal.

Årsmøtet bad styret om å finne eit styremedlem til slik at det er 5 medlem i styret. Styret konstituerte seg med Matti som økonomiansvarleg og nytt medlem som skrivar. Styret lukkast ikkje med å supplera seg med eit nytt medlem. Nils Mæhle har møtt fast på styremøta og Live Havro Bjørnstad har fungert som skrivar på dei fleste møta. Representant frå studentmållaget i Bergen, Ingrid Mølmen Gråsletten har møtt som observatør i halve perioden.

Det har vore 6 styremøte i perioden.

Medlemstal

BM er eitt av dei største mållaga i landet med 506 betalande medlemmer i 2018. Medlemstalet har gått ned med 23 betalande medlem.

Aktivitet i perioden 2018

Sidan Logen Bar har vore stengt også i denne perioden har «Nynorskbaren» vore gjort om til opne møter i Kaigaten 4. I denne perioden har me hatt 4 opne møte.

7. mars ope møte med forfattar Einar Økland.

3. april Matti Wiik innleia om «2000 år med bygdepoesi- frå latin til norsk».

5. juni Erlend O. Nødtvedt las frå boka si «Vestlandet».

23. oktober Peder Lofnes Hauge, nestleiar i NM, innleia om «nynorskbyen Bergen».

Deltatt på 1. mai markeringa. Utsendingar til årsmøte i Hordaland Mållag og landsmøte i Noregs Mållag. Stand på torgdagen 9 .juni 2018.

Styret hadde dugnad på ikkje betalande medlemar via mobil. På haustseminaret i Hordaland Mållag deltok me med innleiar og deltakarar. Deltok aktivt på dugnaden til Hordaland Mållag. Deltakande i planlegginga/strategigruppa for Bergenskonferansen 2019.

Nettsidene /Facebook

Bergen Mållag har rydda og oppdatert nettsidene sine. Alle møte og andre hendingar i Bergen Mållag er delt på Facebook og me når 613 interesserte på denne måten.

Prosjektstillinga

Frå august 2016 har det vore tilsett eigen prosjektarbeidar i Hordaland Mållag, Live Havro Bjørnstad. Ho har i periode fungert som vår skrivar og hjelpt til med det praktiske. Stillinga er viktig for arbeidet med å fremja nynorsk i Bergen og Bergen Mållag har også løyvd i denne perioden ein del midlar til stillinga.

Bergen, 19. Januar 2019

Styret i Bergen Mållag

ARBEIDSPROGRAM 2019

- Verva nye medlem og aktivisera medlemer.
- Halde fram samarbeidet med Bergenskonferansen 2019.
- Samarbeida med andre lag/HM om å laga ein barnehagenemnd.
- Uavhengige 1. mai alliansen vil me halda fram med vår deltaking.
- Markera torgdagen, mobilisera brett og dela ut mykje godt materiale.
- Ta oppatt Nynorskbaren med ulike tema på Logen bar i Nynorskens Hus, omlag 9 i året. Ha eit tett samarbeid med Nynorsken Hus.
- Arbeida aktivt for å halde på **prosjektstillinga for nynorsk i Bergen** ilag med Hordaland Mållag og andre. Me treng midla for å finansiera stillinga vidare.
- Få til eit samarbeid med studentmållaget i Bergen, Bergen Målungdom og andre mållag i Bergen og omland med eit fellesmøte i halvåret.
- Delta aktivt i den offentlege debatten.
- Ulikt blestarbeid for Bergen Mållag.